



Etter ei eiga adresseliste

## Høyring av eit verneforslag for Brenslefjellet naturreservat i Molde og Nesset kommunar

Vi sender med dette til lokal og sentral høyring eit verneforslag med kart for eit nytt naturreservat. Det er på 611 da og størstedelen av arealet er biologisk verdfull skog. Det naturfaglege grunnlaget for verneframlegget er naturdata som er henta frå [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)

Verneforslaget er lagt ut på fylkesmannen si heimeside. Adresse lenger nede på sida.

Området ligg sørvendt til like ovanfor Langfjorden. Størstedelen grenser til ein fylkesveg. Midtpunktkoordinat til området er ca. 6955454.0 431503.0 (UTM32N)

Direktoratet for naturforvaltning (DN) har gitt fylkesmannen i oppdrag å utarbeide verneforslaget og DN kom med ei fagleg godkjenning av det i april.

Oppstartsmeldinga vart sendt ut lokalt ved brev av 15.03.13 og kunngjort i ei lokalavis. Adressatane på den lokale delen av adresselista har fått høve til å gjere sine eventuelle interesser i området kjente før verneframlegget vart laga.

Formålet med denne høyringa er å presentere verneframlegget.

Verneframlegget gjeld areal der grunneigarane har kome med tilbod om frivillig vern av skog.

Framlegget til ei verneforskrift byggjar på ein generell mal frå DN. Det er ønskeleg at synspunkt til verneforslaget også blir knytt opp til forskrifta.

Det er viktig å vere merksam på at verneforma som vert foreslått er reservat. Naturreservat er det strengaste vernet og har som konsekvens eit forbod mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet i området. Det er likevel ikkje restriksjonar mot til dømes allmenn ferdsel eller jakt etter viltlova.

### Høyringa.

Denne høyringa er felles for lokale og sentrale høyringsorgan.

**Høyringsfristen er 8.7.2013.**

Høyringsfråsegner må sendast til Fylkesmannen, miljøvernavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde. Fråsegner kan også sendast elektronisk til [postmottak@fmmr.no](mailto:postmottak@fmmr.no)

Vi legg ved 2 eksemplar av høyringsdokumentet til kvar av kommunane. Det eine eksemplaret er for utlegging til offentleg ettersyn på rådhuset. Vi legg også ved høyringsdokumentet til grunneigarane.

Dette brevet saman med høyringsdokument, kart og adresseliste er lagt ut på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si nettside under «Høyringsliste». [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no). Dei som likevel ønskjer å få tilsendt verneframlegget som papirutgåve, kan enten sende ein E-post til [kjell.lyse@fylkesmannen.no](mailto:kjell.lyse@fylkesmannen.no) eller ringe til sakshandsamaren eller fylkesmannen ved miljøvernavdelinga. (Sjå telefonnummer øvst og nedst på side 1).

Vidare saksgang.

På bakgrunn av høyringa, vil Fylkesmannen lage ei oppsummering og sende verneframlegget med ei tilråding til Direktoratet for naturforvaltning like etter høyringsfristen. Direktoratet vil så utarbeide ei tilråding til Miljøverndepartementet. Deretter vert slike saker lagt fram for Regjeringa som avgjer det endeleg utfallet av saka ved at det vert fatta eit vedtak med heimel i naturmangfaldlova av Kongen i statsråd.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)  
seksjonssjef

Kjell Lyse

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg: Sjå tre vedlegg (høyringsdokument, adresseliste og kart) på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si nettside

Kopi:

Direktoratet for naturforvaltning Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM